

SAMAN *forandrar* VI VERDA

AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR TIL NMS

via Avtalegiro

Eg ønsker å gi kroner (per måned):

☐ 300,- ☐ 500,- ☐ 1000,- ☐ Anna beløp _____

☐ Eg ønsker at gåva skal godskrives denne kyrkjelyden:

Belast mitt kontonummer:

Personnummer: (Fyll ut om du ønsker skattefrådrag)

KID-nummer: (Vert fylt ut av NMS)

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTAD: _____

E-POST: _____

MOBIL: _____

STAD/DATO: _____

UNDERSKRIFT: _____

SEND KUPONGEN TIL:

NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

For ENKELTGÅVER kan du bruke konto 8220 02 85057.
Merk gåva med KINA / HONGKONG.



VÅR KYRKJELYD HAR MISJONSAVTALE I KINA / HONGKONG



DELER TRUA
PÅ JESUS



UTRYDDAR
FATTIGDOM



KJEMPAR
MOT URETT

Kva er vi med på i Kina og Hongkong?

NMS starta arbeid i Kina i 1902 og vart saman med alle andre utanlandske kristne kasta ut av landet i 1949. Ein vesentleg innsats kom først i gang igjen rundt 1990. Etter mange år med forfølging har kyrkja vakse raskt og er no eit «offer» for sin eigen vekst. Det er ein enorm leiarmangel, eit stort underskot på kyrkjeleg undervisning og kristen litteratur, og kyrkja er prega av ein svak kyrkjestruktur og lite pengar.

SAMARBEID

NMS samarbeider med kyrkja i Kina og støttar bibel- og presteskular, bidrar med litteratur, økonomiske midlar og organisasjonsbygging. Gjennom denne strategiske innsatsen når vi mange menneske med omsorg og med bodskapen om Jesus.

DIAKONI

NMS arbeider i partnerskap med kyrkjene i Fastlandskina, Hongkong og på Taiwan. Vi set søkelys på to provinsar i Fastlandskina, vidareutvikla arbeidet i Hongkong og samarbeidet med kyrkja på Taiwan.

Saman med kyrkja og Amity – ein kinesisk diakonal organisasjon, arbeider

vi med diakonale prosjekt i provinsane Hunan og Guangxi. Blant desse er eit prosjektet som bistår besteforeldre som har ansvar for barnebarn. Hjelpa omfattar både mat og lekselesning. Foreldra har vore nødt til å ta arbeid langt frå heimstaden utan å kunna ta meg seg barna. Eit anna viktig prosjekt er å støtta kyrkjelydar i arbeidet med å ta vare på Guds skaparverk, det vil seia bevare miljøet. NMS har ein lang diakonal tradisjon og har mykje å bidra med for å visa Guds kjærleik i handling.

I 2021 vart det tilsett ny fagkoordinator i Hongkong, og i august 2022 kom to nye utsendingar frå Noreg på plass. Dei to arbeider no med å læra seg kinesisk.

Fleire prosjekt er òg i gang. Eit for å forhindra prostitusjon, og eit for å utbreia «Use Your Talents» -metoden for utvikling og kyrkjearbeid.

NMS samarbeider med Taiwan Lutherske Kyrkje (TLC). Saman har vi eit læringsprosjekt for å betra vår felles misjonsinnsats og eit kyrkjeutviklingsprosjekt retta mot Asia.




FOTO: UNSPLASH.COM, TOM KAMAU RODE-CRISTOFFERSEN, MARIT MØJØLSESET



FAKTA OM KINA

Innbyggartal: 1 443 mill.

Religion: 22 % folkereligionar, 18 % buddhistar, 3 % kristne

Styresett: Kommunistisk

KILDE: WWW.FN.NO OG WIKIPEDIA.NO

FAKTA OM HONGKONG

Innbyggartal: 7,5 mill.

Religion: 49 % folkereligionar, 21 % buddhistar, 14 % taoisme, 11,8 % kristne

Styresett: Avgrensa demokrati

KILDE: WWW.SNL.NO



Oppfylgning frå NMS

Nettside: Kyrkjelyden har si eiga side på nms.no: nms.no/finndinmenighet
Her er historier og informasjon frå Kina og Hongkong, oversikt over kor mykje kyrkjelyden har gitt dette året m.m.

Nyhendebrev: Ny informasjon kjem på e-post tre gonger i året.

Besøk: Ynskjer kyrkjelyden besøk frå NMS? Ta kontakt!

Kontaktinformasjon

E-post: menighet@nms.no - **Telefon:** 51 51 61 00 (NMS infosenter)

Postadresse: NMS, Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger